



## Naturvernforbundet i Buskerud

Martin Lindal  
Bråtan 11  
3022 Drammen  
e-post: [buskerud@naturvernforbundet.no](mailto:buskerud@naturvernforbundet.no)  
Tlf: 99604555

Drammen 22.09.2023

Statsforvaltaren i Oslo og Viken  
[sfovpost@statsforvalteren.no](mailto:sfovpost@statsforvalteren.no)

### Storlia sør - plan ID 2021005

Naturvernforbundet (NiB) vil med dette kome med eit innspel i forhold til Storlia sør i Sigdal kommune.

#### **Samandrag**

Naturvernforbundet i Buskerud klaga på hogsten i Storlia i 2020. Viken skog ga oss medhald , og hogsten fekk avvik i systemet deira. Sannsynlegvis var hogsten også eit brot på Skogbrukslova. Det blei gjort ei NiN -kartlegging i området i 2022, der store naturverdiar blei funne i området rundt hogstfeltet. Det viser at store naturverdiar har gått tapt ved hogsten.

Området ligg høgt, opp mot skoggrensa, og grensar mot leveområdet til villreinen.

Det er ein del myr i området. NiB meiner at bygging av hytter her vil vera negativt for villreinen, føre til klimautslepp og auke enrgibehovet i landet. Hyttene vil ligge eksponert i landskapet, og planane vil vera i strid med nasjonale føringar.

Sigdal kommune har 1200 regulerte hyttetomter. Kommunen må bygge ut desse før dei tar nye område i bruk.

#### **Vernskog**


NiB har tidlegare klaga på hogsten av vernskogen i lia, det var gjennomført flatehogst i eit område på 350 dekar. (sjå vedlegg) Viken skog ga oss medhald i at det var eit avvik i forhold til regelverket.

Konklusjonen er da sannsynlegvis at det var eit brot på skobrukslova også. NiB ba Statsforvaltaren om ei prinsipiell vurdering av hogst i vernskog på bakgrunn av denne saka, men fekk avslag på dette. Det har vore gjennomført oppstartmøte for planprosess i området 26.10.21, og Statsforvaltaren har innspel til dette 19.06.2023.

Det blei utført NiN- kartlegging i området på vegne av Miljødirektoratet i 2022.

Det blei funne fleire verdifulle naturtypar i området, blant anna *Rik gransumpskog*, som er ein sterkt trua naturtype. Den ulovlege hogsten i Storlia har sannsynlegvis ført til tap av store naturverdiar. Bildet under viser eit utklipp frå artsobservasjonar, og dei raude prikkane er registrerte artar. Dei fleste er lavartar. Mange av artane i området er på raudlista. I hogstfeltet ( lyst felt midt i bildet) er det sjølvsagt ingen registrerte funn. Dette viser tydeleg at hogsten har vore veldig negativ for floraen i området. At området nå dukkar opp som hyttefelt er ikkje overraskande.

Kart som viser artsfunn -Storlia.



## Dei store linjene - klima og naturkrisa.

Verda står nå midt i både ei klima- og ei naturkrise.

### Klima

Temperaturen på jorda har stige med 1,25 grader sidan industriell tid starta, og dette merkar me godt både i Norge og resten av verda. Konsekvensane er flaum, storm, tørke, brear som smeltar, minkande matproduksjon, og mange millionar menneske på flukt.

Parisavtalen forpliktar alle land å melde inn nye eller oppdaterte mål for utslepp av klimagassar kvart femte år.

Norge sine forsterka klimamål er å redusere utsleppa med minst 50 og opp mot 55% innan 2030 i forhold til 1990-nivået.

Hittil har Norge bare redusert utsleppa med 4,7%. Det betyr at me skal redusere klimagassutsleppa våre med over 50% dei neste 7 åra.

Nyare forskning viser at øydelegging og nedbygging av natur er ei stor kilde til utslepp.

### Natur

I desember 2022 blei det endelig inngått ei ny naturavtale i Montreal, Canada.

Naturavtalen er basert på det omfattande vitenskaplege arbeidet til det internasjonale Naturpanelet(IPBES), og er derfor godt vitenskapleg forankra. Naturpanelet samanstillar kunnskap om korleis det går med naturen, og gir samstundes svar på kva som skal til for å snu utviklinga. I følge Naturpanelet kollapsar viktige økosystem fleire stader i verda, og ein million artar står i fare for å dø ut. Naturpanelet seier at det ikkje er nok å stanse naturtap, me må også reparere øydelagte område. Me må ha meir natur - ikkje mindre.

Naturavtalen har 23 delmål. Det første målet handlar om arealforvaltning og har ordlyden: "Alle areal skal forvaltes på en måte som sikrer naturen, og områder som har stor betydning for naturmangfold skal ikke gå tapt."

Det overordna målet for Naturavtalen er at alle land skal stanse og reversere tapet av natur innan 2030. Arealendringar er hovedårsaka til at både artar og naturtypar står i fare for å bli borte i Norge. For ni av ti trua artar på raudlista er arealendringar hovedtrusselen.

Nedbygging og øydelegging av natur er ei kilde til utslepp av klimagassar, og ein trussel mot biologisk mangfald. Kommunane må ta sitt ansvar for å bidra til å oppfylle måla i både Parisavtalen og Naturavtalen. Konsekvensen må vera at tida for den store og omfattande hyttebygginga er over.





Storlia- oversiktsbilde

Storlia ligg like under skoggrensa og grensar opp mot villreinområdet. Hogstfeltet, som er nær identisk med hyttefeltet er på om lag 350 dekar. Hyttene vil bli liggjande eksponert i landskapet, og vera skjemmaende på lang avstand.



Storlia- køyrespora viser innslag av ein del myr i området.





Storlia - myr i forgrunnen.



Storlia

## **Kunnskapsgrunnlaget**

Det er kommunen som har ansvaret for at kunnskapsgrunnlaget er godt nok. Konklusjonen er at det ikkje er behov for konsekvensutgreiing, og kunnskapen om naturverdiane er basert på søk i naturbase. Etter NiB sin oppfatning er ikkje det godt nok i forhold til §8-12 i naturmangfaldlova. Området bør konsekvensutgreiast med tanke på villrein, klima og landskap.

## **Myr**

Det er ein del myr i planområdet.

Myr er eit viktig karbonlager, ein reknar med at 1m med myrjord har lagra karbon i 1000 år. Dersom myra blir øydelagt vil dette ende opp som klimautslepp. Myr er ein viktig flaumdempar, myr rensar vatn, er levestad for mange artar, og eit område for rekreasjon og matauk.

Staten bruker mange millioner på å restaurere myr, mens kommunane bygger ned i stor stil.

Dette må ta slutt.

Det blir krevande å bygge høgstandard hytter i dette området utan å øydelegge myr.

## **Villrein**

Norge har den siste resten av den europeiske villreinstammen. Me har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på den. Bit for bit utbygging og andre ting har ført til at villreinen nå er på Raudlista med status nær trua. Norefjell er eit lite fjellområde med press frå hyttebygging rundt heile fjellet.

Dersom presset mot Norefjell held fram, fryktar me at villreinen endar opp med å bruke bare Reinsjøfjell. Planen for hyttebygging i Storlia vil auke ferdselen i villreinområdet og påvirke villreinen negativt. På Norefjell- Reinsjøfjell lever det ein villreinstamme på ca. 570 vinterdyr. Som opphavelg tamrein er dyra mindre sky enn mykje anna villrein. På grunn av jaktseleksjon er det rimeleg å anta at reinen vil bli meir sky overfor menneskeleg aktivitet i framtida.

Villreinen på Norefjell blir nokre gonger omtala som vill tamrein. Det er irrelevant. Sjølv om området ikkje har status som nasjonalt villreinområde, har det status som villreinområde, og skal forvaltast som dette. Området er lite, og reinen er allereie pressa frå mange kantar. Det er stor og aukande turaktivitet i området både sommar og vinter, og det er grenser for kva villreinen tåler før ferdsel blir ei trekkbarriere. Undersøkingar i andre fjellområde viser at reinen endrar åtferd (6) allereie etter at 10 personar passerer på ein sti i løpet av ein dag. Ved 220 passeringar/dag er det fullstendig blokkering av villreintrekket. Sjølv om reinen her er mindre sky, og fluktavstanden er mindre, er det rimeleg å tru at stor ferdsel også vil skape ei trekkbarriere her. Reinen er særleg sårbar i kalvingstida, og simle med kalv er meir sky enn bukkeflokkar. Det er sær viktig å unngå auka ferdsel i kalvingsområda. Me sluttar oss til konklusjonen i konsekvensanalysen til Tor Punsvik: "Det volum av hyttebygging og reiseliv som utkastet til Regional plan for Norefjell - Reinsjøfjell legger opp til anses som å ville overskride bæreevnen for villreinstammen betydeleg på sikt. Resultatet vil trolig bli en liten bestand og lite leveområde. Det anbefales at det ikke planlegges/vedtas ny hyttebygging av betydning og ny kunnskap framskaffes." Me vil også nemne at Eigil Reimers, som truleg er den som kjenner denne villreinstammen best, har uttalt at utbygginga kan føre til at villreinen kan komme til å «kaste inn håndkledet» og ende opp med å bruke bare eit av områda i Norefjell-Reinsjøfjell. Det må me unngå.





Villrein. Foto: Per Jordhøy.

### **Fjellfugl**

Nye studier viser at talet på fjellfugl er redusert med 10% sidan årtusenskiftet. Typiske fjellfuglar med klar nedgang i bestanden er snøspurv, lappspurv og heipiplerke. Også typiske vadefuglar som heilo og rødstilk har gått tilbake. Begge er nå på raudlista med status nær trua. Årsakene er sannsynlegvis klimaendringar og endra arealbruk i fjellområda. Det vil uansett ikkje vere berekraftig å bygge ned leveområda med fleire fritidsbygg.



Heilo

## **Energi**

Statnett hevdar at me vil få eit kraftunderskot i næraste framtid dersom auken i energibruken ikkje endrar seg. Utbygging av ny kraft har vore konfliktfylt, og negativ for natur.

Bygging av høgstandard hytter vil forverre denne situasjonen. Det bør vera eit krav til nye hytter at dei er energinøytrale.

## **Nasjonale føringar**

Kommunal og distriktsdepartementet kom i juni 2023 med dokumentet Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. I kap.5.3: Ta vare på naturmangfald , friluftsinteresser og kulturmiljø står det:

“Vi har i dag meir enn 445 000 fritidsbustader, og talet har auka jamt dei siste 20 åra.

Fritidsbusetnad utgjør eit viktig næringsgrunnlag i mange kommunar. Samtidig kan vidare utbygging i mange tilfelle ha negative konsekvensar for naturmangfald, friluftsliv, klimagassutslepp, landskap og kulturmiljø, og føre til konflikt med landbruk, reindrift og andre næringar. Gjennom god planlegging kan fritidsbusetnad vurderast i eit regionalt perspektiv, og arealbeslaget avgrensast. Ny utbygging bør skje i tilknytning til eksisterande byggeområde og infrastruktur og tilpassast bygningar, landskap og terreng. Det er viktig å unngå ny, omfattande fritidsutbygging i viktige landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområde og utbygging på myr. I fjellområda er det særleg viktig å ta vare på større, samanhengande område utan bygningar, og ikkje leggje til rette for ny fritidsutbygging i og over skoggrensa.”

Bygging av hytter i dette området er klart i strid med føringane frå Dep.

## **Konklusjon**

Planområdet ligg i vernskogområdet og blei ulovlig hogd 2019. Det er grunn til å tru at dette blei gjort for at ikkje naturverdiane i området skulle bli registrert. Det ville i såfall vanskeliggjort ei omfattande hyttebygging i området. Området ligg høgt og eksponert. Det grensar opp mot villreinen sitt leveområde. Bygging av hytter her vil vera negativt for villrein, det vil føre til nedbygging av myrområde, og hyttene vil bli liggjande eksponert i landskapet. Det vil også vera i strid med føringar frå nasjonalt hald. Sigdal kommune har ein reserve på 1200 tomter som allereie er regulert. Det må vera rett å bygge på dei før nye område blir tatt i bruk. NiB meiner at planane ikkje bør bli realisert.

Naturvernforbundet i Buskerud - Martin Lindal.

kopi: Sigdal kommune.



